



Saksprotokoll

Utval: Fylkesutvalet
Møtedato: 23.08.2011
Sak nr: 83/11

Resultat: Innstilling vedtatt

Arkivsak: 11/2678
Tittel: HØRING - NOU 2011:3 - KOMPETANSEARBEIDSPLASSE -
DRIVKRAFT FOR VEKST I HELE LANDET

Vedtak i Fylkesutvalet

Fylkesutvalet støtter i hovudsak NOU Rapporten med følgjande tillegg og unntak:

- 1. Å høgt prioritere å jobbe fram eit heilskapleg nasjonalt virkemiddelprogram, på tvers av sektorar for å gi auka synergieffekt, betre samordning og knytte nye virkemidlar til tiltak, som med formål skal skape fleire kompetansesarbeidsplassar.*
- 2. Statlege arbeidsplassar og statlege verksemder må få auka spreiding og lokalisering og bør være avhengig av regionale/lokale fortrinn på ein gitt kompetanse og bli knytt til region sentra og/eller knytt til næringsmiljø med respektiv kompetansemiljø, til dømes næringshagar.*
- 3. Nasjonale programsatsingar og virkemidlar må ha ei slik fleksibilitet og innretting at det kan tilpassast det regionale behovet og regionale planar .*
- 4. At Innovasjon Norge, og SIVA og Forskningsrådet har betre understøttande virkemidlar, at målstrukturen mellom dei er samkjørte, og at samarbeidet mellom dei styrkast operativt.*
- 5. At pendlarfrådraget ikkje fjernast.*
- 6. At det innførast ei utviding av ordninga for avskrivning av studielån i fleire kommunar og regionar.*
- 7. At undervisninga for norskopplæring av fremmedspråklege blir meir*

intensiv, meir praktisk og med auka fokus på fagterminologi.

8. *Auke fokus på introdusering av arbeidslivet for barn og ungdom i skulen mellom anna gjennom entreprenørskap i utdanning*

Behandlinga i Fylkesutvalet

Fylkesrådmannens forslag blei samrøystes vedteke.